


IMPONERANDE KYRKJEBOK I SAL FRÅ LAURDAG

11.04.2014




Boknemda går ut og sel i morgon

Ikveld vart 100-årsboka om kyrkja lansert i Gamleskulen og imorgon vert ho seld på bygda av boknemda. Ho fortener godt sal og at dei 500 trykte eksemplar går unna. Dette er noko meir enn ei tradisjonell jubileumsbok, det er på 4 år gjort ein imponerande jobb både av nemda, forfattar Kaare Skaala (som er tett innpå 80 år) og fotograf Hans Ordin Østebø. Og så kostar ho ikkje meir enn 250 kroner i utsalg. Skaala og Østebø har ikkje teke honorar!



Kaare Skaala har gjort ein ny stor lokalhistorisk jobb

Skaala var den andre som vart spurd om jobben etterat Olaf Agnar Gausvik hadde svara nei. Det har vore eit problem at soknerådspotokollane frå bolken 1953/1970 ikkje er å finna.



Hans Ordin Østebø har teke mange gode bilete

Leiar i nemnda har vore Tormod Myklebust og dei andre Møyfrid Kristoffersen, Bjørgulv Eik, Hans Ordin Østebø og forfattaren. Medlem Leohnard Eik gjekk bort i 2012.

Myklebust slår fast at arbeidet har vore interessant og lærerikt og prega av godt samarbeid.

Skaala sa at uskedalingane hadde vore både tålmodige og utålmodige i kykjesaka. Dei møtte mykje motgang men gav ikkje opp og til slutt fekk dei reist huset for 22 250 kroner.


Både han og Myklebust peika på kor raskt sjølve byggjeprosessen gjekk.

Skaala innrømte eit visst vemod over at bokjobben no er over.

Bjørgulv Eik heldt lysbilledkåseri som inneheld mange historiske bilete og han imponerte nok ein gong med god hukommelse.

Når det gjeld innhaldet i boka imponerar ho ikkje minst med sine mange ferske bilete og gjev ellers ein god oversikt over det gudstenestlege liv både her i bygda og på eit større plan. Stutte rammeopplysningar er verdfulle for samanhengen. Layoutmessig er ho lett tilgjengeleg og den vakre blåfargen fristar ekstra.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Frå vigslinga 16. desember 1914. Foto i jubileumboka.